

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 13/2498-4

Forvaltningsrevisjon Energi og Miljø - Oppfølging av rapport 2014

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding/gjere slikt vedtak:

1. Rapporten frå fylkesrådmannen datert 20.6.2014 vert teken til vitande
2. Kontrollutvalet vurderer oppfølginga av rapporten til å vere fullført.

Vedlegg:

- Notat frå fylkesrådmannen datert 20.06.2014

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Forvaltningsrevisjonsprosjektet «Miljø og energi» vart gjennomført i 2011/2012. Rapport etter gjennomført prosjekt vart handsama av fylkestinget 17.04.2012 i FT-sak 2/12. Det vart gjort slikt vedtak:

1. *Fylkestinget tek forvaltningsrevisjonsrapporten «Energi og miljø» til etterretning.*
2. *Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tilrådingane i kapittel 5 i rapporten, og rapportere status og eventuell vidare framdrift innan utgangen av 2012 til kontrollutvalet.*

Kontrollutvalet handsama oppfølgingsrapport frå fylkesrådmannen 28.05.13 i KU-sak 23/13. Kontrollsjefen konkluderte i saka med at mange av tiltakspunkta i rapporten var under arbeid, men at ein ikkje var kome heilt i mål med oppfølginga. Kontrollutvalet vedtok følgjande i saka:

1. *Kontrollutvalet tek rapporten frå oppfølginga av forvaltningsrevisjonsrapporten Energi og Miljø frå fylkesrådmannen til vitande*
2. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om rapport etter at alle oppfølgingspunkta er gjennomførde innan utgangen av 2013.*

Kontrollutvalet v/sekretariatet mottok ny rapport i form av ein notat 14.08.2014 (Sak 14/2240-2, datert 20.06.2014), der fylkesrådmannen gjev ein ny status i oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkesrådmannen gjer i notatet greie for status på oppfølging av tilrådingane i rapporten sitt kapittel 5. Innleiingsvis skriv fylkesrådmannen at oppfølginga av Fylkesdelplan for klima og miljø held fram, og at eit ambisiøst og konkret handlingsprogram vart vedteke i fylkestinget oktober 2013. Klimaindikatorprosjektet er ferdigstilt og at sluttrapport er levert. Konklusjonane frå den rapporten er nytta aktivt i arbeidet med rulleringa av handlingsdelen i klimaplanen.

Fylkesrådmannen gjev i notatet ein status på dei fire punkta i tilrådingane frå revisor:

1. Utarbeider rapporteringsrutinar og fastset rapporteringsinnhald frå dei ulike avdelingane

Det står m.a i rapporten.

«Det er no oppretta ei fast tverrsektoriell klimagruppe, og denne gruppa vil m.a. ta i vare rapportering og oppfylging frå kvar avdeling. Fullstendig rapport på utføring av tiltak vil gå til fylkestinget i samband årsrapporteringa og rullering av handlingsprogrammet.»

Det at ein har kome fram til samarbeid med kvar avdeling og ved å tydeleggjere form og innhald i rapportane i tillegg til rutinane skissert i notatet, gjer at kontrollsjefen vurderer dette punktet for å vere oppfølgt.

2. Vurderer korleis ein i endå større grad kan nytte nettverka ein samarbeider i for å nå ut til større og mindre private verksemdar.

Det er lagt opp til eit nærare samarbeid med næringslivet der ein har tilsett ein person i ei eit-årig prosjektstilling som skal arbeide konkret med tiltak knytt til fylkeskommunen sin verkemiddel overfor verksemdene i fylket for m.a å oppnå utsleppsreduksjon frå næringslivet. Samarbeid med nettselskapa for å få på plass fleire hurtigladepunkt for el-bil er eit eksempel på dette.

Kontrollsjefen vurderer punktet som ferdig oppfølgt.

3. Vurderer korleis ein kan gå fram for å inngå meir forpliktande avtalar knytt til gjennomføring av tiltak, både internt i fylkeskommunen og ovanfor andre aktørar.

Avdelingane har i stor grad vore med i arbeidet med rulleringa av handlingsdelen. Dette har ført til eit sterkare eigarskap til tiltaka og ei felles forplikting til gjennomføring. Den tverrsektorielle klimagruppa vil vere ei viktig brikke i arbeidet for å sikre at dei ulike avdelingane tek ansvar , og sørgjer for kontinuerleg oppfølging av tiltaka.

Det vert vurdert utviklingsavtalar med frivillege lag og organisasjonar rundt klimaarbeid der både finansiering og haldningssakapande arbeid innan klima og miljø er aktuelle tema. Det er inngått avtalar med Naturvernforbundet i fylket og avtale med 4H står for tur. Det er også konkrete samarbeidsavtalar med aktørar rundt klimaformidling i vidaregåande skule.

Det er utvikla samarbeidsavtaler med regionråda i fylket der det er lagt vekt på dei strategiske områda i kvar einskild region.

Statlege etatar som eksempelvis Statens Vegvesen har vore aktive deltakarar i rulleringa av handlingsprogrammet, der ein har forplikta seg til oppfølging av tiltaka. Dette vert følgt opp gjennom årlige evalueringsmøte og kontinuerleg kontakt.

Konklusjonen er at også dette punktet er oppfølgt.

4. Utarbeider ein samla strategi for å rapportere om mål, tiltak og effektar i klimaarbeidet, og vurderer kva rapporteringsfrekvens og -kanalar som vil sikre god informasjon til politisk og administrativt nivå, og samfunnet elles.

Politisk nivå:

- Rapportering til fylkestinget på mål, tiltak og effektar ved rullering av handlingsprogrammet
- Rapport på klimaarbeidet i fylkesrådmannen sin årsrapport

Administrativt nivå

- Etablering av ei intern tverrsektoriell gruppe for m.a intern rapportering

Samfunnet:

- Heimesida til fylkeskommunen
- Nettsidene rundt klimaarbeidet
- Heimesidene og pressemedlingar vert nytta for å nå ut til media og soleis til samfunnet elles.

Fylkesrådmannen legg opp stil ein strategi for rapportering om mål, tiltak og effektar i klimaarbeidet og kva rapporteringskanalar som vil bli brukt, der politisk og administrativt nivå vert ivareteke i tillegg til samfunnet elles.

Kontrollsjefen vurderer punktet til å vere oppfølgt.

3. Konklusjon

Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å vedta at oppfølginga av rapporten er fullført.